

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 17.10.2005
Sakbehandlar: Berit Bore
Saka gjeld: **Avskriving for tap - fullmakt**

Styresak 90/05 B

Styremøte 27. 10. 2005

Bakgrunn

For gjestepasientar utanfor konvensjonsavtalen behandla i Helse Stavanger og Helse Fonna blei det, i 2002, sendt faktura frå Helse Vest RHF direkte til sjølvbetalande pasientar eller forsikringsselskapet deira. Helse Bergen og Helse Førde sende sjølv slike krav til desse pasientane. I tillegg sende Helse Stavanger ut krav der betaling skulle skje til Helse Vest RHF.

Betaling som kom inn til Helse Vest RHF blei vidareformidla til helseføretaket kor pasienten var behandla.

Frå 2003 har helseføretaka sjølve fakturert og kravd inn beløpa frå desse pasientane.

Kommentarar

Desse krava har vore vanskelege å krevja inn av ymse årsaker. Mellom anna har dokumentasjonen som var innhenta frå pasienten i ein del tilfelle ikkje vore tilstrekkeleg. Helse Vest RHF engasjerte Visma Collecta AS i 2003 for å krevja inn det uteståande krava. Noko er kome inn, men det står framleis kr 1 153 882,90 ubetalt. Det er lite som tyder på at vi skal kunne få inn desse pengane sjølv med stor arbeidsinnsats.

Det er avsett for pårekneleg tap på krav i rekneskapen med til saman kr 1 332 441. Dei respektive helseføretaka har tapsført krava i sine rekneskap.

Det er ønskeleg å skriva desse krava av i kundereskontroen. Dette inneber ikkje at vi ettergir krava, men at dei ikkje lenger vil stå oppført som ein del av kundefordringane. Eventuelle seinare innbetalningar på desse krava skal først til inntekt som innkome på tidlegare avskrive krav. Beløpa blir å vidarebetala til helseføretaka der pasienten blei behandla.

Det er til no ikkje gjeve noko fullmakt til styreleiar eller administrerande direktør når det gjeld tapsføring av krav det ikkje let seg gjera å krevja inn.

Forslag til vedtak

1. Uteståande krav på sjølvbetalande pasientar frå 2002 skal avskrивast
2. Administrerande direktør får fullmakt til å avskriva krav det ikkje let seg gjera å krevja inn, for beløp inntil kr 1 000 000 pr kunde. Fullmakta kan delegerast.